

## **Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget**

Saka vert lagt fram utan saksframlegg.

**Stian Jean Opedal Davies (A) sette fram slikt forslag:**

«Nytt forslag:

- Vestland fylkesting erklærer global klima- og økologisk krise.
- Vestland fylkeskommune tek ansvar som eit føregangsfylke i Noreg for utvikling av ny miljøvennleg teknologi og ein grøn industri som skapar vekst og velferd i heile Noreg. Vestland fylkeskommune vil arbeide for at all produksjon av varer og tenester skjer på ein berekraftig måte.
- Vestland fylkesting vil arbeide for ei rettferdig omlegging som sikrar velferd og arbeidsplassar.
- Vestland fylkesting oppmodar kommunar, fylkeskommunar og Storting til å erklære klimakrise og naturkrise.»

### **Avrøysting**

Det var 64 representantar til stades.

Davies sitt forslag fekk 51 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, R, H) og vart vedteke.

### **Vedtak**

Vestland fylkesting erklærer global klima- og økologisk krise.

Vestland fylkeskommune tek ansvar som eit føregangsfylke i Noreg for utvikling av ny miljøvennleg teknologi og ein grøn industri som skapar vekst og velferd i heile Noreg. Vestland fylkeskommune vil arbeide for at all produksjon av varer og tenester skjer på ein berekraftig måte.

Vestland fylkesting vil arbeide for ei rettferdig omlegging som sikrar velferd og arbeidsplassar.

Vestland fylkesting oppmodar kommunar, fylkeskommunar og Storting til å erklære klimakrise og naturkrise.